



Opptrekkflya drog så det spruta i vassdammane på Vågåvassisen i går. Foto:Ketil Sandviken

Blaut luftseglas i Vågå

VÅGÅVATNET: Det vart ein blaut start for 100 pilotar frå Norge, Sverige, Danmark, Belgia, Nederland, Tyskland og Island som denne veka er i Vågå for å dyrke sin lidenskaplege hobby; luftsegling.

Seks-sju varmegrader gjorde sitt til at Vågåvassisen blotna opp og framstod som ein stor sølepytt, men ikkje vere enn at flyginga gjekk nokonlunde som planlagt. Isborane gjekk jamnt, for å få drenert unna det verste overvatnet, men 70 centimeter trygg is forsvinn ikkje på eit blunk.

- Spannande, men det går greit så lenge det ikkje regnar, og det er sjeldan slikt vær varar lenge her, sa ein optimistisk leirsjef Tor Einar Lund frå Drammen flyklubb ved mid-

dagstider i går. Han har hausta erfaring frå tretten tidlegare treff.

- Det er dette som er så unikt med Vågå, om det er håplause værtilhøve både aust og vestfor, er det som regel brukbart i Vågå. Den seine påska i 2000 måtte vi leggje leiren til Frya, etter det valde vi å flytte treffen fram for å få vera i Vågå. Det stabile, turre klimaet er truleg årsaken til at ein her finn av Europas beste flygeforhold, seier Lund. For to år sia vart det sett nordeuropeisk høgderekord med 11000 meter. Meir vanleg er det å nå 7-8000 meter, over 3.500 meter må ein kople seg til oksygen. Gjetordet har gått, det er lang venteliste, fortel leirsjefen for det nordiske kurset. Neste år kan det bli to veker.



Unike flygeforhold i Vågå, fortel leirsjef Tor Einar Lund i Drammen flyklubb, som her er klar til å sende einaste lokale deltakar, Dag Holen, opp i lufta.



Isborane gjekk jamnt for å få drenert unna overflativevatn på Vågåvassisen i går.

- Vi vil ha vest og sør-vest vind, da blir det klart vær og god sikt og da kan vi segle på

bølgjene, seier Lund og speidar etter revehaleskyer...